

## VÆRET

**I dag:** Skiftende skydekke, truleg nokre regnbyer.

**I morgon:** Skiftande skydekke og for det meste opphaldsvær.

**Laurdag:** Sola +5

**Søndag:** Månen +4

**I dag i morgon:** Sola  
Opp kl. 06.48 06.45  
Ned kl. 20.37 20.39

**I dag i morgon:** Månen  
Opp kl. 06.54 06.54  
Ned kl. 18.44 20.22

Dagen er 8 timer og 1 minutt lengre enn ved vintersolverv.

**SMHI**  
© SMHI Grafikk/Bulls

**Boljevarese**  
Nordsjøen:  
Morgon: 1,4 m  
Midt på dagen: 1,2 m  
Kveld: 1,1 m

**Flo/Fjære**  
Leirvik:  
I dag I morgon  
Flo kl. 10:52 11:35  
kl. 23:27 ---  
Fjære kl. 04:43 05:23  
kl. 17:10 17:49

**Lokalt igår kl 14**

Fitjar	+6
Leirvik	+6
Husnes	+6
Svortland	+6

**Byer i Europa igår kl. 14**

Aten	+14
Barcelona	+16
Berlin	+14
Brüssel	+13
København	+10
Lisboa	+20
London	+11
Moskva	+16
Paris	+12
Praha	+14
Roma	+16
Warszawa	+11
Wien	+18

**Turistbyer**

Algarve	+22
Alicante	+18
Catalia	+17
Kreta	+19
Lamaca	+21
Las Palmas	+23
Madeira	+20
Malaga	+22
Mallorca	+19
Nice	+15
Phuket	+35
Rhodos	+19
Tunis	+20

**Torsdag**

+21
+19
+18
+23
+18
+23
+18
+23
+18
+16
+33
+20
+25

**Fredag**

+21
+19
+18
+23
+18
+23
+18
+23
+18
+16
+33
+20
+25

## Problemfri it-drift?

Prev vår sikre ASP-løsning i ditt firma. Kan også nås fra hjemmekontor.

Regionens mest kompetente it-miljø er klar til å hjelpe.

**Palantir**  
www.palantir.no, 07 33 46 17 50

Fax dine annonser til 53 45 00 02 (ope døgnet rundt) • E-post: [annonse@sunnhordland.com](mailto:annonse@sunnhordland.com)

# Fekk god støtte hjå Oddekalv

Produktutviklar Jens Eriksen, og leiar i Norges Naturvernforbund, Kurt Oddekalv, har heilt klart samanfallede interesser for ei stor utbreiing av miljøgrillar.



**Nordmenn elsker å grilla pølser og sommarkoteletter. Og dei gjer det aller helst i skogen, på stranda, høgt til fjells og i parkar. Totalt brukar me mellom 1,2 og 1,4 millionar eingongsgrillar i året. Noko som skapar store miljømessige problem. Jens Eriksen på Stord har funne løysinga.**

Miljøgrillen heiter produktet hans, og sist veke var han på plass for å marknadsføra nyvinninga under Villmarksmessa på Lillestrøm. Responsen var upåklageleg. Ein av dei som også merka seg den miljøvenlege oppfinninga til stordabuen, var leiaren i Norges Miljøvernforbund, Kurt Oddekalv.

### – Kjempeproblem

– Eingongsgrillar er eit stort og stadig aukande miljøproblem her heime. Du har funne ei spennande løysing, og eg ønskjer lukke til. No håpar eg at også produksjonen av miljøgrillane vil bli gjennomført på miljømessig forsvarleg vis, sa den taleføre naturvernaren til grunder Jens Eriksen. Oddekalv gjekk faktisk så langt som å seia at eingongsgrillar kombinert med folk sitt totale fråver av folkeskikk, har fått han til å bli motstander av allemannsretten.

– Folk oppfører seg ofte verre enn dyr. Eg håpar at det kjem fastbolta miljøgrillar bå-

de her og der. Ideen og utforminga er genial. Og det hastar, hevda leiaren i Norges Miljøvernforbund.

### Patentert

Eriksen arbeidar til dagleg hjå Aker Stord, men likar å bruka fritida si på å teikna og konstruere små oppfinningar. Miljøgrillen har han eigentleg hatt klar i to år.

– Eg er godt nøgd med prototypen. Olav Eldøy har stått for design, medan Stord Offshore har produsert grillen med assistanse frå Sunnhordland Industri og Aker Elektro, fortalte Eriksen. SNU, Stord kommune og Innovasjon Norge har også vore nyttige økonomisk støttespelarar. Eriksen er ein av seks aksjonærar i Miljøgrillen AS, og har etter dagane på Lillestrøm vorte ytterlegare styrka i trua.

– Dette må vera midt i blinken for kommunar, friluftsråd, campingplasser, burettslag og båtlag. Det er også dei tilbakemeldingane vi har fått, seier Eriksen. Han har også fått patentert Miljøgrillen for den norske marknaden.

– Det er no det for alvor byrjar.

### Svært praktisk

Kort fortalt er Miljøgrillen eit arbeidsbord for opptening og bruk av eingongsgrillar. Mange kan driva med matlaging samstundes, og når grillinga er over puttar ein den glovarme eingongsgrillen inn i ei luke og ned til den lufttette og brannsikre avfallshaldaren.

– Me har spelt på lag med



– Målet er å selja Miljøgrillen til kommunar, friluftsråd, campingplasser, burettslag og båtlag, forklarte Jens Eriksen til Sunnhordland under Villmarksmessa på Lillestrøm.

brannsjef Børge Presthaug heime på Stord. Han har testa branntryggleiken i produktet vårt fleire gonger. Alltid med same overtydande resultat, forklarte Eriksen, og peika stolt på ein attest frå Presthaug som hadde fått ein godt synleg

plass på standen til Miljøgrillen AS.

– Dei fleste som stoppar opp lurer på kvifor ingen har kome på dette tidlegare. Det kan eg sjølsagt ikkje svara på, men no er han iallfall her. Solid konstruert, praktisk til tusen og

samstundes så avansert at den løysar eit stort miljøproblem hundre prosent, reklamerte produktutviklaren frå Stord.

VIDAR ALFARNES